



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Fyresdal kommune
Kommunehuset
3870 FYRESDAL

Dykkar ref.
2016/1320-11

Vår ref.
17/3060

Dato
24.05.2017

Klage frå Fyresdal kommune over Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i lokal struktur i Sør-Øst politidistrikt

Justis- og beredskapsdepartementet viser til klage av 6. mars 2017 frå Fyresdal kommune. Vidare vert det vist til Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i lokal struktur i politidistriktet når det gjeld Fyresdal kommune:

«Sammenslåing av lensmannsdistriktene Kviteseid, Seljord, Vinje, Tokke, Fyresdal, og Midt-Telemark lensmannsdistrikt, til Midt- og Vest-Telemark lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Midt-Telemark lensmannskontor, Seljord lensmannskontor, Kviteseid lensmannskontor, og Vinje lensmannskontor.».

Politidirektoratet har i brev av 22. mars 2017 sendt over klagen frå Fyresdal kommune til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til Fyresdal kommune og Sør-Øst politidistrikt. I brevet frå direktoratet er det opplyst om at klagen frå Fyresdal kommune er lagt fram for dei kommunar som saka vedkjem, jf. *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 5 andre ledd.*

1. Bakgrunn

Nærpolitireformen, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt til Stortinget for behandling. Proposisjonen vart vedteken, med nokre endringar,

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4a
0484 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Politiavdelinga
Telefaks
22 24 95 30

Sakshandsamar
Gunnar Johnsen
22 24 53 08
gunnar.johnsen@jd.dep.no

10. juni 2015, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). Det overordna målet med nærpolitireformen er uttrykt på følgjande måte, mellom anna i Innst. 306 S (2014-2015):

«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».

Justis- og beredskapsdepartementet har i samsvar med dette gjeve Politidirektoratet fullmakt til å avgjere inndelinga til politidistrikta i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjonar.

Som ein del av nærpolitireformen har politimeistrane greidd ut og kome med forslag til endringar i den lokale strukturen i politidistrikta. Siktemålet har vore å frigjere tid og ressursar slik at politiet kan vera meir tilgjengeleg og til stades i nærmiljøa. Den lokale strukturen i politidistrikta skal leggje til rette for eit nærpoliti som er operativt og synleg, og med kapasitet til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar. Forslaga frå politimeistrane baserer seg mellom anna på involvering av kommunar og politiet sine tenestemannsorganisasjonar lokalt.

Tilrådingane frå politimeistrane vart sendt til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet vedtok ny lokal organisering av norsk politi 13. januar 2017.

Avgjerda frå Politidirektoratet om endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar kan påklagast til Justis- og beredskapsdepartementet av kommunar som vert påverka av endringa, jf. forskrift om *Klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedstruktur i politi- og lensmannsetaten* av 22. juni 2016 § 1.

2. Merknader frå kommunen

I brev av 6. mars 2017 frå Fyresdal kommune, jf. vedtak i kommunestyret 2. mars 2017, er det mellom anna ført opp at grunnlaget for klagen primært er at vedtaket om å legge ned Fyresdal lensmannskontor og tilknytninga til tenestestaden i Vinje er fatta i strid med nasjonale krav om responstid på (maks) 45 minuttar.

Kommunen har vidare ført opp at avgjerda vil svekka lokalkunnskapen i politiet, (som er viktig) for å kunne driva eit godt førebyggjande arbeid og ha beredskap i heile kommunen.

Kommunen krev primært at Fyresdal lensmannskontor vert ført vidare. Subsidiært føretrekker Fyresdal å knyte seg til lensmannskontoret i Kviteseid framfor kontoret i Vinje. Kontoret i Vinje har lengre avstand.

Fyresdal kommune har vidare ført opp at føresetnadene har endra seg undervegs i prosessen. Tidlegare var Fyresdal kommune tiltenkt eit lensmannskontor. No er Fyresdal ein av fire kommunar i Telemark som mistar lensmannskontoret, medan to av dei andre lensmannskontora som vart foreslått lagt ned i Vest-Telemark, no vert oppretthaldt.

3. Merknader frå andre kommunar

Politidirektoratet har opplyst at ein av 52 kommunar i Sør-Øst politidistrikt har kome med synspunkt på klagen frå Fyresdal kommune. Horten kommune har i si tilbakemelding meldt om at saka ikkje har betydning for Horten kommune. Elles meiner kommunen at fristen for høyringa er for knapp, sett opp mot føresegner om forsvarleg utgreiing og tidsfristar i kommunal handsaming av saker i kommunelova.

4. Politidirektoratet si vurdering

Politidirektoratet har i brev til Justis- og beredskapsdepartementet av 22. mars 2017 gjort greie for grunnlaget for vurderinga som er gjort. Direktoratet har ikkje funne grunnlag for å gjera om si tidlegare avgjerd når det gjeld Fyresdal kommune.

Politidirektoratet har vist til at avgjerda av 13. januar 2017 om å slå saman Fyresdal lensmannskontor med lensmannskontora i Tokke og Vinje til ein tenestestad plassert i Åmot i Vinje, var basert på ei tilråding frå politimeisteren i Sør-Øst politidistrikt. Tilrådinga frå politimeisteren er basert på politifaglege vurderingar, og ein lokal prosess der kommunar og fagforeiningar har vore involvert.

Vidare er det vist til at direktoratet har vurdert innspela og synspunkta som har kome fram både i klagen frå Fyresdal kommune og i brev frå politimeisteren med synspunkt på klagen av 14. mars 2017. Politimeisteren har gjort greie for korleis politiet sine tenester skal takast hand om i Fyresdal kommune ved samanslåing av lensmannskontoret. Politidirektoratet har lagt til grunn at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar i tråd med målsettingane i nærpolitireformen.

Klagen frå Fyresdal kommune er lagt fram for nærliggande kommunar, og Politidirektoratet har vurdert fråsegna frå Horten kommune. Etter direktoratet sitt syn kjem det ikkje fram opplysningar i tilbakemeldinga frå Horten kommune som tilseier ei endra vurdering.

Politidirektoratet har etter dette konkludert med at det ikkje ligg føre nye opplysningar som gjev grunnlag for å gå bort frå dei vurderingane som ligg til grunn for tilrådinga frå politimeisteren i Sør-Øst politidistrikt om endringar i den lokale strukturen i Sør-Øst politidistrikt.

5. Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering og avgjerd

Klagen er fremma i tråd med *Forskrift om klageordning for kommunar som berøres av ny tenestestedstruktur i politi- og lensmannsetaten av 22. juni 2016*.

Det framgår av forskrifta § 1 at kommunar som vert påverka av ny tenestestadstruktur kan påklaga denne til Justis- og beredskapsdepartementet.

Det framgår vidare av forskrifta at Justis- og beredskapsdepartementet kan treffa ny avgjerd eller oppheva direktoratet si avgjerd heilt eller delvis og sende saka tilbake til direktoratet til ny behandling, jf. forskrifta § 6 første ledd.

Elles gjeld forvaltningslova kapittel II og III og alminnelege reglar om god forvaltningsskikk for departementet si klagebehandling, jf. forskrifta § 7.

Politidirektoratet har i sitt brev til departementet gjort greie for prosessen i Sør-Øst politidistrikt. Her kjem det mellom anna fram at politimeisteren i Sør-Øst politidistrikt har hatt en omfattande lokal prosess med involvering av kommunane, i tillegg til tenestemannsorganisasjonane. Fyresdal kommune har ikkje klaga på den forutgåande prosessen. Ikkje dess mindre etterspør Fyresdal kommune faglege grunngevingar for at det no er gjort vedtak om at Fyresdal lensmannskontor skal leggest ned, sjølv om det opphavlege forslaget var at det skulle bestå, medan to av dei andre kontora som var foreslått lagt ned i Vest-Telemark no består.

Politimeisteren har grunngeve dei endringane som er gjort i det opphavlege forslaget. Bakgrunnen for å samlokalisera Fyresdal lensmannskontor med Tokke og Vinje er omsynet til responstid og for å styrke beredskapen i denne delen av Vest-Telemark. Departementet viser også til den politifaglege vurderinga av omsynet til beredskapen knytt til at Nissedal lensmannskontor vert ført vidare, og dei økonomiske og administrative vurderingane som ligg bak at Seljord lensmannskontor vert ført vidare.

Fyresdal kommune har i klagen mellom anna ført opp at ei samanslåing til ein tenestestad i Vinje vil bryte med nasjonale krav om 45 minuttar i responstid når det gjeld Fyresdal. Fyresdal kommune har vidare ført opp at ei slik samanslåing vil svekke lokalkunnskapen i politiet for å kunne drive eit godt førebyggjande arbeid og ha beredskap i heile kommunen.

Departementet viser til at Stortinget sitt krav om responstid på maks 45 min. køyretid for minimum 90 % av befolkninga gjeld for distriktet som heilheit og har som mål å gje befolkninga ein mest mogleg lik polititeneste. Politimeisteren meiner at det å samle tilsette på færre tenestestader slik ein gjer i den nye strukturen, gjev rom for å auke talet på politipatruljer i distriktet. Slik vil ein kunne ta hand om kravet om responstid betre enn i dag. I dag vert beredskapen for Fyresdal tatt hand om av patruljer frå heile Midt- og Vest-Telemark, etter som Fyresdal lensmannskontor ikkje sjølv har beredskapsvakt/reserveteneste. Politimeisteren legg vekt på at politiet framleis skal

vera til stades i Fyresdal med politikontakt, gjennom politirådet og med patruljerande verksemd. Politimeisteren understreker i sine synspunkt på klagen at målet er at innbyggjarane i Fyresdal kommune skal få eit minst like godt tenestetilbod frå politiet som tidligare.

Departementet meiner at etableringa av større tenesteeiningar vil leggje til rette for ein meir føremålstenleg polititeneste, mellom anna gjennom omdisponering av mannskap til operativ teneste, under dette økt patruljeverksemd. Politipatruljer vil også gje kortare responstid, fordi politiet gjennom kunnskapsbasert tenesteplanlegging i større grad vil kunne vera der hendingar skjer og ved behov. Dei endringane som er gjort vedtak om for Sør-Øst politidistrikt, vil slik departementet vurderer det, leggje til rette for at dei sentrale krava til polititenestene som er skildra i Prop. 61 LS (2014-2015) og Innst. S 306 (2014-2015) kan takast hand om på ein god måte.

Departementet vil elles understreka at politikontakten i den nye politistrukturen vil få ei sentral rolle i samspelet mellom driftseininga, tenestestaden og kommunen. Politikontakten vil vera etablert innan 15. juni 2017 i alle kommunar. Departementet meiner at politikontakten på ein god måte vil bidra til at politiet jobbar tettare og meir strukturert saman med den einskilde kommunen og under dette opparbeider seg god lokalkunnskap om kommunen.

Politimeisteren viser til at ho gjennom nærpolitireformen har som intensjon at politiet i mykje større grad skal oppsøke publikum der dei er og levere tenester med høgare kvalitet enn tidlegare. Dette gjeld både politioperative tenester, etterforsking og i det førebyggjande arbeidet. På lik linje med Politidirektoratet meiner departementet at politimeisteren har gjort politifaglege vurderingar i tråd med målsettingane i nærpolitireformen. Vidare er krava til publikumsservice, tilgjengelegheit og beredskap ivaretekne for befolkninga i Fyresdal kommune, slik departementet ser det.

Dei kommunar som saka vedkjem har vorte førelagt klagen i tråd med forskrifta § 5 andre ledd.

Etter ei samla vurdering av dei opplysningane som er lagt fram i saka finn ikkje departementet grunnlag for å endra vurderinga av spørsmålet om ny tenestestadstruktur for Fyresdal kommune i Sør-Øst politidistrikt. Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 vert ståande.

Klagen vert ikkje teken til følge.

Justis- og beredskapsdepartementet si avgjerd kan ikkje påklagast, jf. *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten* § 6 andre ledd.

Ein kopi av dette brevet er sendt Politidirektoratet til orientering.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til
Politidirektoratet